



# 4 KLASSE

## KONTAKT

---

TELEFON:  
55021325

E-POST:  
[storebo@austevoll.kommune.no](mailto:storebo@austevoll.kommune.no)

**Foreldremøte**  
**Torsdag 5.9.2019**  
**4 klasse**

### Foreldrerepresentantar:

4A: Bjørn Gunnar Troland ( Jastrid Thomsen)

4B: Nina Melkevik ( Torbjørn Kulsås)

### Klassemiljø;

Gode tilbakemeldingar. Fin gjeng å vera med.

### Helsesyster:

Torill Bruntveit. Tilgjengeleg, torsdagar. Ho kan ta syn og hørselstest dersom det er nødvendig.

### Timeplan:

- Skulestart kl 8.10
- Slepp elevane heim 13.30 slik at dei når bussane.
- Elevane får avbrekk i læringsøktene.
- Fredag har dei lengre pause i 10 friminuttet, slik som i fjor.

### Vekeplan:

Elevane er begynt å planleggje lekser. Dei kan gjere det som er gjennomgått på førehand av lekser før fristen. Under arbeid på skulen, står det spesifisert kva pensum ein arbeidar med i veka.

### Leksehjelp:

Går greit. Treng hjelp fra føresette, om kva bøker dei skal arbeide med på leksehjelpa. Dei må minnst på å rekkje opp handa, og be om hjelp. Føresette lyt sjå over arbeidet og leseleksa skal dei lese heime.

### Symjing/ kropsøving:

Tomas og Line er lærarar. 10 veker symjing, så byte til 10 veker kropsøving og omvendt. A og B blir delt i kropsøvingstimen. Lærarar og assistentar går saman med elevane frå oppstillingsplass ved skulen og ned til symjeanlegget.

### Fagleg innhald:

Arbeida med ulike letestategier. Leser no for å læra, samt begynneropplæring til dei som treng det. Øving i leiteleking, skumlesing, og nærlesing. Nasjonale prøvar haust 2020.

### **Fagleg innhald:**

I læringssituasjonane blir det brukt tankekart og VØL skjema. VØL står for Kva veit du, kva ønskjer du å vite og kva har du lært.

Det blir anbefalt å kjøpe nynorsk ordbok, då det blir jobba med rettskriving, Føresette, kan hjelpe bornet sitt med det.

Elevane skriv ein del. Her skal elevane arbeide med orden, marg, stor bokstav, komma og punktum.

Elevane er akkurat ferdig med årsprøve for 3. klasse i matematikk. Elevane må bli betre til å visualisera i matematiske oppgåver. Ikkje berre rekne i hovudet. Etterkvart skal dei lære å føre matematiske oppgåver med svar i skrivebøker. Oppgåve boka består stort sett av slike oppgåver. Dei matematiske måla, blir lagt ut på heimesida.

### **Pc:**

Alle er merka med namn og klasse. Dei skal ikkje stå på lading over natta. Drikkeflasker må vera tom til og frå skulen. PC kun innomhus i ein god sekk. Johanne sin mamma kan sy mapper?

### **VISMA:**

Alle må logge inn på nettsida, ikkje appen.  
[Visma.com/austevoll](https://visma.com/austevoll)

1. Sjekk kontaktinformasjon og evt. Rediger
2. Sjekk varslingsmåte.
3. Legg inn samtykke/ ikkje samtykkje.  
NB! Bruk meldings ikonet og meld frå om fråvæer før klokka 08.00.

### **Samarbeid:**

Minn elevane på ordensreglane og konsekvensane til skulen. Følgjer klassereglane til Zippy.

Mange elevar er trøtt på skulen. Er det leggjetida? Det kom spørsmål om osteporn. Det anbefalast at elevane har ei god niste med frukt og grønt på skulen.

### **Sosial årsplan:**

Det er ynskje om sykkeldag til våren. Føresette tek kontakt med foreldrerepresentantane, om det er ynskje om sosial aktivitet i haust.

### **Dialog Digital kvardag:**

Skulen merkar at det er elevar som blir plaga via sosiale mediar. Spesielt Snapchat og Ticktok. Skulen anbefalar at ein går inn på Barnevakten.no, Redd barna og Du bestemmer.no der ein kan lese, snakke og repetere dette. Nettvett blir viktig!

I diskusjonsgruppene kom det fram eit ynskje om felles reglar. I større årsklassar på skulen, blir det sendt naken bilder. Noko som er heilt uloveleg. Føresette må jobbe med konsekvensar, og ta omsyn til aldersgrensa til spel og appar. Mobilen er slått av i skuletida i sekken.

### **Kva skjer i haust?**

- Tur til Russenukjen, « Himalya»
- 11.9. Jernalderen ( Sjå eige skriv)
- Kanskje tur til Bergen, akvariet
- Utviklingsamtaler etter haustferien.
- FN samling
- Adventsamling
- Jul

N.M. 5.9.19.